

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV, A, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Fylkesutvalet ser det som særer avgjerande at den naudsynte kirurgiske akuttberedskapen ved lokalsjukehuset i Odda vert styrkt og vidareført som i dag. Fylkesutvalet syner til at det einaste lokalsjukehuset i Hardanger har svært utfordrante geografi, topografi, og vanskelege veg- og vêrtilhøve. Fylkesutvalet vil sterkt understreka at Odda sjukehus må ha akuttkirurgisk tilbod, akuttfunksjon i indremedisin, anestesilækjar i døgnvakt, planlagt kirurgi, og beredskap for kirurgisk vurdering og stabilisering, samt handtering av akutte hendingar.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-4 vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag fekk 10 røyster (SV, V, MDG, KrF, Sp, A) og vart vedteke.

### Vedtak

1. Gode helseteneste skal vera tilgjengelege når det er behov, og gjeva tryggleik og god livskvalitet. Helse Vest og Helse Fonna gjør eit viktig arbeid med å vurdera Odda sjukehus opp mot Nasjonal hel-se- og sjukehusplan. Prosjektet skal handtera behovet for forandringer og omstilling i helsetenestene, - i møte med mellom anna endring i demografi, sjukdomsmønster og medisinsk-fagleg utvikling. Sam-stundes skal tryggleiken for befolkninga og den samfunnsøkonomiske berekrafta sikrast. Hordaland fylkeskommune ser på rapporten som eit godt vurderingsgrunnlag for utviklinga av Odda sjukehus.
2. «Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel» skal leggjast til grunn for kommunal, fylkeskommunal og statleg planlegging og verksemd. Odda by er eit regionalt senter i Hordaland, og skal vera og utviklast vidare som attraktivt for regionen. Dette skal leggja grunnlag busetjing, næringsliv, tenester og vekst. I det vidare arbeidet med utvikling av Odda sjukehus og helsetenestene i området må Helse Vest og Helse Fonna leggja den regionale planen til grunn.
3. Spesialisering og sentralisering av spesialisthelsetenestene resulterer i aukande transport, både på veg og i lufta. Dette er ei utvikling i strid med globale, nasjonale og regionale klimamål. Organisering av helsetilbod må vurderast opp mot klimamål i «Regional klimaplan 2014 – 2030» og planleggjast med målsetjing om å nå klimamåla.
4. Hordaland fylkeskommune støttar tilrådingar i rapporten om Odda sjukehus for desse punkta:
  - a. Sjukehus i nettverk
  - b. Samarbeid mellom kommune og sjukehus innan somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling
  - c. Spesialisthelsetenester ofte, mykje og nært
  - d. Dagkirurgiske tenester
  - e. Bemanning, rekruttering, kompetanse
  - f. Stadleg leiar
  - g. Teknologiske løysingar og digital kommunikasjon
5. Fylkesutvalet ser det som særer avgjerande at den naudsynte kirurgiske akuttberedskapen ved lokalsjukehuset i Odda vert styrkt og vidareført som i dag. Fylkesutvalet syner til at det einaste lokalsjukehuset i Hardanger har svært utfordrante geografi, topografi, og vanskelege veg- og vêrtilhøve. Fylkesutvalet vil sterkt understreka at Odda sjukehus må ha akuttkirurgisk tilbod, akuttfunksjon i indremedisin, anestesilækjar i døgnvakt, planlagt kirurgi, og beredskap for kirurgisk vurdering og stabilisering, samt handtering av akutte hendingar.